



Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 17/9857-2

Søknad om finansiering: Forprosjekt fase 2 - Måløy Marine Ressurssenter

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til å etablere eit FoU-senter i Ytre Nordfjor, då dette vil kunne bidra til å styrke den marine næringsklynga i regionen.
- 2 Innhaldet i hovudprosjektet er i tråd med mål og aktivitetar i Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane (verdiskapingsplanen).
- 3 Fylkeskommunen vil støtte forprosjektet (fase 2) med omsøkt sum, kr. 400 000. Tilskotet vert dekka med midlar som er vederlag for kapasitetsauke i oppdrettsnæringa.

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

1 Søknad frå Vågsøy Vekst AS mottatt 21.12.2017

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Sogn og Fjordane fylkeskommune har motteke søknad (21.12.2017) frå Vågsøy Vekst AS om delfinansiering av fase 2 i forprosjekt om etablering av eit marint FoU-senter i Måløy. Arbeidstittel er Måløy Marine Ressurssenter (MRR). Dei ber om støtte på kr. 400 000 av eit totalbudsjett på 1 242 000 kroner.

2. Vurderingar og konsekvensar

Forprosjektet som er søkt om, og det planlagde hovudprosjektet, er eit samarbeid mellom marine bedrifter i ytre Nordfjord, Norges Biovitenskaplige Universitet (NMBU) v/institutt for Biovitenskap (BIOVIT) og Måløy vidaregåande skule. Forprosjektet skal gjennomførast i perioden januar-mai 2018.

Målsetting

Mål for hovudprosjektet er:

1. Etablere ein FoU-infrastruktur og eit lønsamt FoU-senter i Måløy. Dette skal legge til rette for at studentar, forskarar og bedrifter kan nyttiggjere seg senteret og gje varige lokale arbeidsplassar innan marin FoU.
2. Etablere gode arbeidsrelasjoner mellom BIOVIT og bedriftene i regionen, slik at ein sikrar bedriftene tilgang til kompetanse til ulike FoU-oppgåver. MMR skal ha ein koordinerande funksjon slik at FoU-behova til bedriftene skal bli forsvarleg bli formidla til BIOVIT.
3. Etablere eit godt samarbeide mellom BIOVIT, MMR og Måløy vidaregåande skule innan marine fag.

Mål for forprosjektet:

1. Utarbeide eit meir detaljert konsept på kvart av punkta over (forretningsmodellar).
2. Definere ambisjonsnivå på kort og lang sikt, organisering, marknad, lokalisering, investerings- og driftsbudsjet, finansiering og plan for gjennomføring.

Organisering av forprosjektet

Prosjekteigar: Vågsøy Vekst AS

Prosjektansvarleg (PA): Randi Humborstad, Vågsøy Vekst AS

Prosjektleiar (PL): Roger Bergset, Segel AS

Det vil bli etablert ei styringsgruppe der mange av dei største næringsaktørane er representerte og ei omfattande referansegruppe med relevante aktørar.

Kostnads- og finansieringsplan

Kostnadsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|---------------------------|---------------|------------------|------|------|------|------------------|
| Design og trykkekostnader | | 30 000 | | | | 30 000 |
| Eget arbeid aktørene | | 450 000 | | | | 450 000 |
| Møtekostnader | | 13 750 | | | | 13 750 |
| Prosjektansvarlig | 12 000 | 108 000 | | | | 120 000 |
| Prosjektleiedelse Segel | 20 250 | 378 000 | | | | 398 250 |
| Reisekostnader | | 230 000 | | | | 230 000 |
| Sum kostnad | 32 250 | 1 209 750 | | | | 1 242 000 |

Finansieringsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|--|----------------|----------------|------|------|------|------------------|
| Arbeidskostnader aktørar | | | | | | |
| - egenfinansiering | | 450 000 | | | | 450 000 |
| Nordfjord Hamn | | 100 000 | | | | 100 000 |
| Reisekostnader aktørar - egenfinansiering | | 180 000 | | | | 180 000 |
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018 | 400 000 | | | | | 400 000 |
| Vågsøy komm. Næringsfond | | 112 000 | | | | 112 000 |
| Sum finansiering | 400 000 | 842 000 | | | | 1 242 000 |

Vurdering av prosjektet

Sogn og Fjordane har sterke næringar og bedrifter når det gjeld produksjon, fiske og islandføring av marint råstoff, samt leverandørindustri til marine næringar. Likevel har vi pr. i

dag ikkje noko utvikla senter med marin FoU-kompetanse i fylket og marine næringar må difor finne samarbeidsaktørar innan forsking og utvikling på nasjonal eller internasjonal arena. Fråveret av regional FoU-kompetanse kan til tider kjennast som ein hemsko for innovasjon og utvikling, og etablering av eit FoU-senter kan fylle eit tomrom i «verdikjeda» for marine næringar.

Eit slik initiativ vil også vere i tråd med intensjonane i Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane (Verdiskapingsplanen), der styrking av opplæringstilbodet ved Måløy vidaregåande skule (mellan anna ved å knytte til seg marin FoU-kompetanse) er ei av hovudsatsingane under programmet «Rekruttering og kompetanseheving». Å etablere eit FoU-miljø i ytre Nordfjord er noko som både vil kome næringslivet og vidaregåande skule til nytte.

Prosjektet står fram som ein vinn-vinn situasjon. Marine næringar i ytre Nordfjord har trong for meir regionalt etablert FoU-kompetansesenter og BIOVIT på si side har trong til å etablere sterke kontaktar til marine bedrifter, både med tanke på å vere «på» når det gjeld relevante forskingsoppgåver for universitetet, men også for å gje elevane som studerer på Ås relevante bachelor- og masteroppgåver og fysisk og faktisk kontakt med næringslivet på kysten. BIOVIT har utfordring med å ha få norske studentar, og har slik også ein intensjon at eit samarbeid på sikt kan bidra til å rekruttere norske studentar til instituttet og universitetet.

Det var gjennomført ein serie bedriftsbesøk 4.-5. januar 2018, der ein professor og ein dekan fra BIOVIT saman med prosjekteigar og prosjektleiar vitja fleire større aktørar i ytre Nordfjord. Fylkeskommunen var også til stade og kunne registrere ein stor grad av entusiasme fra næringslivet for dette tiltaket, og fleire handfaste samarbeidsprosjekt vart løfta opp! Prosjektideen vart presentert på eit opent kveldsmøte på Raudeberg, der også BIOVIT fekk presentere seg. Dette møtet samla over 60 personar fra næringsliv og forvalting, og responsen hjå dei frammøtte på planane vart oppfatta som svært positiv.

Det omsøktet forprosjektet (Fase 2) er ei vidareføring av eit forprosjekt fase 1 som i utgangspunktet var ein møteserie der også Innovasjon Norge (IN) var invitert med som deltakar. Etter avtale mellom IN og fylkeskommunen er det semje om at fylkeskommunen engasjerer seg i dette forprosjektet, og så vil IN kunne overta om det vert vidareføring i eit hovudprosjektet. Eit hovudprosjekt vil fort kunne bli meir spesifikt bedriftsretta, og IN vil då vere den mest relevante partnaren i neste fase.

3. Konklusjon

Hovudprosjektet, slik det er omtalt i søknaden, kan bidra til å fylle ein viktig funksjon i ein marin klynge i Ytre Nordfjord. Forprosjektet fase-2 som det er søkt om delfinansiering til, er eit viktig steg på vegen til å etablere eit hovudprosjekt.

Tiltaket har brei støtte i det lokale næringslivet, noko som vil vere heilt avgjerande for å lukkast med hovudprosjektet. Relevante aktørar har sentrale roller i forprosjektet, og forprosjektplanen er realistisk.

Med bakgrunn i at hovudprosjektet også er i tråd med mål i verdiskapingsplanen vil det vere relevant å gje økonomisk støtte til gjennomføring av forprosjektet fase 2.